



Både arbeidsgjevar og arbeidstakarar har gjensidig plikt og gjensidig ansvar for å vere lojale overfor Lesja kommune og mot kvarandre.

➔ **Generelt og i forholdet til arbeidsgjevar og arbeidstakar:**

- Før vedtak blir fatta i saker, er det riktig og nyttig med diskusjon og at tilsette gje uttrykk for sine meiningar. Når vedtak er fatta, held vi oss lojalt til det som er vedtatt.
- Vi vil ta opp ting vi er misnøgde med tenesteveg, og rettar oss etter riktige informasjonar/informasjonskanalar.

➔ **Forholdet til kvarandre:**

- Vi vil løyse Lesja kommune sine utfordringar i fellesskap, gjennom samarbeid.
- Vi vil snakke med kvarandre, ikkje om kvarandre.
- Vi vil vise kvarandre respekt, vere punktlege og respektere møtetidspunkt.
- Vi vil bidra til eit positivt arbeidsmiljø ved å vere optimistiske og fokusere på konstruktive løysingar.

➔ **Forholdet til innbyggjarane/publikum.**

- Vi vil bidra til positiv omtale av Lesja kommune overfor innbyggjarane, tilreisande og publikum, som kommunen har kontakt med, både når vi er i og utanfor kommunen.
- Vi vil yte god service, dvs. at alle skal bli behandla heiderleg/rettferdig og innbyggjarane/publikum skal få behandle sine saker raskt og korrekt.

➔ **Forholdet til sosiale media.**

- Vi vil utvise varsemnd og vi vil unngå at tilhøve knytt til vårt arbeidsforhold i Lesja kommune, skal debatterast eller bli publisert/kommentert på sosiale media.
- Vi er klar over at teieplikta gjeld fullt ut i samanheng med sosiale media, og skal alltid bli respektert.

Retningslinjene gjeld for både folkevalte og tilsette.

**Leiarar på alle nivå har ansvar for å følgje opp at medarbeidarar er kjende med kommunen sine etiske retningslinjer. Det er den enkelte tilsette sitt ansvar å etterleve desse.**

**Det er den enkelte folkevalte sitt ansvar å etterleve desse.**

**Tilsette: Etiske dilemma/etiske spørsmål må ein ta opp tenesteveg og på lågast muleg nivå. Evt kan sektorsjef bli kontakta.**

**Folkevalte: Etiske dilemma/etiske spørsmål må ein ta opp med ordførar.**

**Etiske dilemma/etiske spørsmål kan leggjast fram for etikkutvalet i KS, som vil kunne gje råd til Lesja kommune i slike spørsmål.**

**Alle slike førespurnader, må vere skriftlege.**

**Gjeld det tilsette: Rådmann eller den han/ho har gjeve fullmakt, koordinerer og sender til etikkutvalet i KS.**

**Gjelder det folkevalte: Ordførar eller den han/ho har gjeve fullmakt, koordinerer og sender til etikkutvalet i KS.**

**Retningslinjene er vedtatt i sak K-30/14, møte 24.04.2014**